



FYLKESMANNEN I HORDALAND

LANDBRUKSAVDELINGA

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.: Vår ref.: Ark.nr.: Dato:
2002-458-1 02/03249/SKG/ATR 451.2 28.06.02

Kommentarar til Fortid former framtid, NOU 2002:1.

Innleiing

Landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen har ei viktig rolle i høve til ivaretaking av landbrukets kulturlandskap, kulturmiljø og bygningar på fylkesnivå. Tilskotsordninga Spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap (STILK) er eit viktig økonomisk verkemiddel i dette arbeidet. Det er bøndene som er vår målgruppe og dei tiltaka som vert gjennomførte er i stor grad basert på eigeninnsats frå sokjarane. I tillegg til eigenverdien av istandsetjing og skjøtsel, ser vi også ofte at slikt arbeid fører til ny næatingsutvikling på garden eller i grenda.

STILK- ordninga viser seg å vere svært kostnadseffektiv. Når det gjeld bygningsvern er det til dømes over ein 10-års periode løyvd om lag 26 mill. kroner til istandsetjing av nærare 1100 bygningar. I tillegg vert lokale lag og organisasjonar trekt inn i ulike fellestiltak i samarbeid med bøndene.

Sjølv om landbruket tek sitt sektoransvar når det gjeld kulturminnevern på alvor, meiner vi at det generelt er altfor få og for dårlige tilskotsordningar tilgjengeleg. Vi kan vise til at Fylkeskonservatoren har om lag kr.400.000.- til rådvelde til bygningsvern. I nokre kommunar vert det sett av midlar over kulturbudsjetta, men dette gjeld berre eit fåtal.

Midlane i STILK ordninga vert forhandla fram via jordbruksoppgjeret og er difor øyremerka dei som driv aktivt landbruk. Vi opplever at mange aktuelle prosjekt og tiltak som fell utanfor våre ordningar vert kasteballar i systemet uten at det finst noko mottakaradresse.

Vi meiner at Fortid former framtid utgjer ein grundig og interessant gjennomgang av kulturminnepolitikken og det er mykje vi kunne ha kommentert.
Vi har likevel konsentrert oss om nokre punkt som vi meiner er viktige sett i høve til landbruket sin del av kulturminne forvaltninga. Dette tek vi i det følgjande opp kapittelvis.

Kapittel 6:

Frivillig arbeid

Som nemnt ovanfor er det mange lokale lag og organisasjonar som vert trekt inn i fellestiltak i samarbeid med bøndene. Dette kan t.d. vere grunneigarlag, grendelag eller sogelag, som alle utgjer viktige lokale drivkrefter.

Adresse:
Postboks 7315
5020 Bergen

Besøksadresse:
Kaigt. 9
Bergen

Telefon:
55 57 21 40
Telefax:
55 57 21 41

BankgiroOrg.nr. FM
7694.05.01098974.760 665
FMLA teknisk
974.221.942

Dei har stor vilje og evne til innsats, men ikkje økonomisk kapasitet til store løft når det gjeld kulturminnevern. Den menneskelege kapasiteten er også usikker, då mange av desse laga er basert på dugnadsarbeid og innsatsen til nokre få eldsjeler.

Auka fokus på verdien av frivillig arbeid er viktig, ikkje minst via øyremerka tilskot til slikt arbeid.

Kapittel 9:

Mva fritak for bygningsvern

Vi meiner det er viktig at det vert mva fritak for freda og verneverdige bygningar i landbruket, både når det gjeld arbeid og materialkjøp. Eit mva fritak på 24% kan indirekte sjåast på som eit tilskot. Til samanlikning yter STILK- ordninga max.35-50% tilskot av faktiske kostnader.

Kapittel 10:

Regionalt samarbeid

I kapittel 10.3. vert det vist til at dagens organisering på regionalt nivå gjer det vanskeleg å sette kulturminne og kulturmiljø inn i ein heilskapleg miljøsamanheng. Stortingsmeldinga legg opp til delegering av mykje av landbruks tilskotsforvaltning til kommunenivå, med dei krav til informasjon og kompetanseheving det vil krevje.

Etter Stortinget si handsaming av Stortingsmelding nr.19 vil landbruk og miljø vert verande hjå Fylkesmannen, medan kulturminnevernet fortsatt ligg hjå fylkeskommunen. Det tyder at organiseringa på regionalt nivå fortsatt vil gjere det vanskeleg å sette kulturminne og kulturmiljø inn ein heilskapleg miljøsamanheng.

I dag har både fylkeskommunen og fylkesmannen viktige roller knytt til rådgjeving og uttaler til areaplansaker etter plan- og bygningslova. I svært mange slike saker er kulturmiljø/kulturminne ein del av fleire miljøaspekt, til dømes knytt til kulturlandskap og nærmiljø, vassdragsforvaltning, biologisk mangfald, lokal agenda prosessar, barn og unge sitt oppvekstmiljø og andre sentrale tema innan landbruks –og miljøvernpolitikken. Tema i skjeringfeltet mellom kulturminnevern, landbruk og miljøvern får ikkje nødvendig slagkraft fordi saksområda isolert sett ikkje får tilstrekkeleg tyngde. Potensialet for samla påverknad ikkje vert utnytta, og oppfølging av nasjonale mål i miljøvernpolitikken vert därlegare enn det slike samer samla og reelt sett skulle tilseie.

I tillegg til alle arealplansaker etter plan- og bygningslova gjeld dette og innan fleire saksfelt, som til dømes friluftsliv, naturvern og skogbruk. I mange slike saker skjer det i praksis eit utstrakt samarbeid og felles innsats for å få til gode løysingar gjennom bruk av dei ulike tilskotsordningar og verkemiddel som er til rådvelde i dei fleire aktuelle etatar.

På denne bakbrunnvil fylkesmannen støtte fleirtalet i utvalet som viser til at det ville vere ein stor føremon å samle oppgåvene innan kulturminne-, miljø- og landbruksforvaltning på fylkesnivå. Ei organisering der desse fagmiljøa er samla vil kunne gje ny tyngde inn i sakfeltet, ei styrking som er nødvendig og viktig dersom miljøvernpolitikken skal bli fulgt opp og gjennomført på ein fullgod måte.

Kapittel 11:

Handverkskompetansen

Det er viktig med auka utdanning av handverkarar som kan tradisjonelle handverksteknikkar, både i vidaregåande skule og på høgare nivå. Men det er også viktig å arrangere kurs ute i distrikta, som kan fungerer som vidareutdanning av lokale handverkarar og andre interesserte. Utanom dei økonomiske tilhøva, er det vår erfaring at det er mangel på handverkarar som oftest fører til at prosjekt ikkje vert ferdigstilte. Dette kjem klart fram i evalueringa av STILK-ordninga (2001), der det under Kapittel 7.1. Områder med forbedringsmuligheter, står følgende;

Det er i forhold til freda og verneverdige bygninger at kunnskapsnivået og kravene til restaureringsmetoder er mest fokusert. Det legges stor vekt på materialvalg og ivaretakelse av antikvariske prinsipper. Her ser vi også at dette arbeidet i en viss grad har hatt sysselsettingseffekter ved at det er arrangert kurs, og at det er håndverkere og firmaer som har spesialisert seg på slikt arbeid. Selv om det er arrangert kurs for å skolere håndverkere i restaureringssarbeid, synes likevel mangel på kvalifiserte håndverkere å være det største problemet i forbindelse med gjennomføringen av bygningsprosjektene. Økt satsing på kurs i restaureringssarbeid ser altså ut til å være et viktig tiltak for å lette gjennomføringen av bygningsprosjektene.

Landbruksavdelinga har bidrige økonomisk til mange slike lokale kurs og kan vise til gode resultat. To av dei kompetansemiljøa som vi samarbeider med er Eigarsforum og Vestnorsk Kulturakademi, desse er kvar på sin måte viktige i verne samanheng, både som møteplass og kursarrangørar.

Oppsummering:

Vi vil som ei oppsummering kort gjenta våre innspel:

Betre og auka tilskotsordningar

Samla organisering av kulturminne-, miljø- og landbruksforvaltning på regionalt nivå.Ta i bruk andre økonomiske verkemiddel

Auka støtte til frivillige organisasjonar

Tiltak for å auke handverkskompetansen

Med helsing

Jørgen Frønsdal
Fung. landbruksdirektør